



# Språkutvikling i barnehagen

## Kjenneteikn på kvalitet



STORD  
KOMMUNE

### Rom

- Barna har tilgang på rom der dei kan leika saman over tid utan å verta uroa.
- Romma er oversiktlege og systematisk innreidde, slik at barna lett forstår kva dei skal brukast til.
- Innhaldet i romma vert endra i takt med dei behova barna har.
- Det heng bilete på veggane frå prosjekt og tema me arbeider med.
- Barnehagen har eigne rom som er tilpassa barn under tre år.
- Barnehagen har uteområde som er tilpassa alle barn.

### Handlingar

- Personalet deler barna i små grupper for å sikra utvikling av den gode samtalen.
- Personalet arbeider med å utvikla ordforrådet til barna og snakkar med barna, ikkje så mykje til barna.
- Personalet undersøker kva barna oppfattar av det som vert formidla.
- Alle barn opplever fleire gonger i veka tett og konsentrert samspel med ein vaksne.
- Personalet samordnar ulike språkstimulerande metodar i det daglege arbeidet.
- Personalet gjev barna erfaring med ulike typar forteljingar, rim, regler, song, musikk, drama og formingsaktivitetar.
- Personalet observerer systematisk korleis barna leikar for å læra korleis barna uttrykkjer seg i leiken.
- Personalet gir informasjon til føresette om korleis barnehagen arbeider med språkutvikling og gir dei idear om korleis dei kan stimulera eigne barn.

### Haldningar

- Personalet får kunnskap om ulike sider ved språkutviklinga til barn.
- Personalet brukar kunnskapane og arbeider systematisk med språkstimulerande aktivitetar og utvikling av eit godt språkmiljø.
- Barnehagen brukar den lokale kulturen og landskapet som utgangspunkt for samtale og arbeid.

### Organisering

- Dagsrytmen gir barna tid til å fordjupa seg i leiken.
- Deler av dagen er barna i smågrupper på maksimum 6 barn. Då får me engasjertalle barna i eit språkleg samspel.
- Barnehagen har system for å stimulera barn som i liten grad søker kontakt med vaksne.
- Barna har lett tilgang på bøker med ulike sjangrar og for ulike aldersgrupper.

